

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Gry Susanne Hetlelid
Arkivsaksnr.: 18/1533 - 1

Arkiv: 034

Planlagt behandling:

Hovudutval for helse og velferd
Hovudutval for skule- og barnehage
Administrasjonsutvalet

ORGANISERING - BARN OG UNGE

Bakgrunn for saka

Over fleire år har Klepp kommune vurdert å endra organiseringa av tenester til barn og unge. Tidlegare har ein konkludert med at ved å utvikla gode samhandlingsarenaer vil ein ivareta behova som innbyggjarane har. Det har etter kvart kome sterkare forventningar frå styrande myndigheiter om samhandling, og signal frå kommunen sine innbyggjarar går og i retning av at det er behov for eit sterkare fellesskap mellom tenester til barne og unge.

Frå hausten 2017 har det pågått arbeid på tvers av dei to tenesteområda Skule og barnehage og Helse og velferd. Det er arbeid med involvering av mange tilsette og med litt ulike fokus:

- Utarbeiding av ein overordna oppvekstplan
- Barn og unge mot 2025 (delprosjekt av Helse og velferd mot 2025)
- Utvikling av digitalt tenestekart for oppdaging og oppfølging av utsette barn (prosjekt med midlar frå bufdir)

I tillegg er det gjennomført ein forvaltningsrevisjon *Tenester til barn og unge med særlege behov*. Denne revisjonen syner at samhandling, samordning og kjennskap til dei ulike tenestene er ei utfordring internt i kommunen. Det kjem fram at tenestene ikkje kjenner kvarandre sitt lov- og rammeverk godt nok. Dei veit ikkje kva dei kan forventa av kvarandre, og bruker eiga forståing og fagleg skjønning til å grunngi kva dei meiner at andre burde gjera.

I prosessane som pågår kjem det fram ulike faglege ståstadar, ulike måtar å tenka helsefremming, tidleg oppdaging osv på. Det er krevjande å balansera innan to tenesteområde både for innbyggjarar og tilsette. Avgjersler blir unødvendig lange/tunge og med fare for misforståingar og ulike mål for tiltaka.

Føremål med ny organisering

Det overordna målet med ei ny organisering er at barn og unge i Klepp skal ha gode tilbod med rom for meistring, opplevingar og læring. Barn som veks opp i kommunen skal ha eit koordinert og heilskapleg innretta tenestetilbod i eit helsefremmande og førebyggjande perspektiv.

Eit sterkt fagleg fellesskap vil bygga ein robust organisasjon som kan møta framtida sine utfordringar på ein god og effektiv måte. Eit felles tenesteområde for barn og unge legg til rette for god tenesteutvikling og effektiv ressursutnytting.

Prosess mot ny organisering

Ny organisering er drøfta i rådmannen si leiargruppe og med dei hovudtillitsvalte. I etterkant av denne drøftinga blei det sett ned eit partssamansett utval med kommunalsjef Helse og velferd, kommunalsjef Skule og barnehage, personalsjef, oppvekstleiar og to tillitsvalte. Utvalet har drøfta ulike perspektiv ved ei omorganisering. Det har vore gjennomført dialogmøte, forenkla ROS-analysar, med berørte einingar. I tillegg er forslaget diskutert i leiarmøte skule og barnehage.

I møta er det ikkje kome fram urovekkande område som gjer at ei omorganisering ikkje vil vera klokt. Det som er kome fram, er forsøkt ivare tatt så langt råd er ved organisering av treffpunkt og styringssystem i ny organisering.

Konsekvensar av ny organisering

Vurderingar er gjort på bakgrunn av innspel og tilbakemeldingar. Det viktigaste er at kommunen sine innbyggjarar skal møta ein samla kommune uansett kvar og kvifor dei kjem i kontakt med tenestene.

For innbyggjarane

Tilbakemeldingar frå innbyggjarar som har hatt behov for tenester frå ulike deler av kommunen, bekreftar at kommunen ikkje framstår som samla og heilskapleg. Foreldre melder om fragmenterte tenester, om at dei sjølv må ta initiativ og styring, be om tenester og sørga for eit slags samarbeid. Foreldre og barn melder om at dei ikkje blir lytta til. Dei opplever tenester som ikkje «snakkar» saman, som har ulikt syn på utfordringane og dermed kun ser ein bit av heilskapen. Foreldre kan oppleva å få motstridande råd bygd på ulik fagleg tilnærming, eller dei kan oppleva å få same tilbod om hjelp ulike stadar utan at dette blir fanga opp.

Foreldre og barn opplever at dei tapar mot systemet. Dei treff dyktige tilsette på «golvet», men desse tilsette opplever og at systemet ikkje samhandlar til beste for barnet eller ungdommen. Kritikken mot einingane er ikkje samstemt - dvs at den eine eininga som nokon ikkje får det til med, er den neste familien godt nøgd med. Dette syner at det er «systemet» som er utfordringa, ikkje kun ei eining eller nokre få tilsette.

Med ei ny organisering vil tenestområdet Barn og unge få eit felles ansvar på tvers av einingar, utvikla eit felles språk og forståing av korleis det er å vera innbyggjar når systemet ikkje er samstemt. Nærleik mellom faggruppene som ny organisering vil gje, vil gje betre samhandling på sikt. Det skal bli meir effektivt ved at tenestene blir godt kjende med kvarandre sitt lov og rammeverk og ulike tilbod som kommunen pr i dag har. Dette skal mellom anna skje gjennom felles kompetansebygging og kompetansedeling. På sikt skal dermed tenestene vera i forkant når foreldre ber om hjelp.

Fagleg tenesteutvikling

Dei ulike einingane skal samhandla medan tenestene utviklar seg, ikkje bare når det røyner på og ting har gått i stå. Ein vil då få tid til å «tenka langsamt» for så å kunna tenka hurtig når det krevest. Organisasjonen samla blir meir robust og i takt med innbyggjarane sine behov. Ein tar felles ansvar, og effektiv ressursutnytting blir ein effekt.

Det blir enklare å samhandla når heile oppvekstsektoren har felles leiing og saman kan styra korleis ein går inn i sakene, faglege refleksjonar og avgjersler. Ein effekt av dette er at alle einingane blir betre rusta til å ta tak i dei ulike utfordringane som dei møter ved at dei kjenner til ulike tenester og tilbod som er i kommunen.

Ulike former for felles kompetansebygging kan utviklast. Pr i dag sit det mykje kompetanse i dei ulike einingane, men det er ikkje alltid at dei som har mest bruk for denne kompetansen (tilsette i barnehagar og skular) får ta del i refleksjonar og den trening som trengst for å bli god i handtering av ulike utfordringar.

Kommunen skal saman gå frå fragmenterte tenester til eit samla tenestetilbod som svarer på dei utfordringane Klepp har pr i dag. Det er sentralt at kommunen har eit felles framtidsbilde og kan dra i same retning. Eit helsefremmande perspektiv skal gjennomsyra tilbodet på alle nivå i oppvekstsektoren, og derfor er det viktig at barnehagar og skular i samarbeid med helse og barnevern utviklar eit tett og systematisk arbeid over tid. Einingar utanfor skule og

barnehage kan oppleve det utfordrande å sleppa til på barnehage- og skulearenaen. Ved utvikling av felles strukturar og ansvar vil det bli enklare med innpass på ulike arenaer kor barn og unge oppheld seg store delar av dagen.

For tilsette

Leiarar i einingar som vert påverka av ny organisering har kome med ulike innspel. Det er uttrykt bekymringar som går på at helse blir veldig små i ny organisering. I tillegg er det og uttrykt bekymring for at det er for lite helse- og sosialfagleg kompetanse rundt kommunalsjefen. Barnehage og skule er positive til å få eit breiare fagleg fellesskap ved ny organisering.

Med tanke på at det blir for lite helse- og sosialfagleg kompetanse rundt kommunalsjefen er det viktig å presisera at rådgjevarar som i dag er organiserte i to ulike tenesteområde skal jobba meir på tvers i organisasjonen enn tilfellet er i dag. Dette for mellom anna å ta vare på viktig kompetanse. I ny organisering blir og leiarane for tenestene sentrale i tenesteutvikling og prioriteringar innan oppvekstfeltet.

For den enkelte tilsette vil ei breiare fagleg tilnærming føra til utvida kompetanse. Ny organisering gjer det naturleg å utvikla eit kvalitetssystem som mellom anna sikrar at tilsette i ytterste ledd får eit minimum av kompetanse for å jobba med dei utfordringane dei står oppe i. Eit fagleg godt utvikla kvalitetssystem vil gjera kvardagen for tilsette betre og kvaliteten på tilboda høgare.

Nytt organisasjonskart og ny struktur


Dei tenestene og støttesystema som har heile barnepopulasjonen som ein mogeleg tenestebrukar, vil organiserast i under same paraply - Barn og unge.

Dei samhandlingssystema som pr i dag fungerer godt, skal fortsetta som i dag. Nye samarbeidsstrukturar må byggast med enkelte einingar innan Helse og velferd. Dette gjeld både tenester til enkeltbarn/grupper av barn og dei tradisjonelle vaksentenestene kor tenestebrukarane er foreldre.

Treffpunkt i ny organisasjon

Ei ny organisering vil innebera endingar i ulike samhandlingsstrukturar. Det er viktig at helse og barnevern kjem tett på der tenestene blir utvikla og planar blir lagt. Av den grunn vil dagens oppvekstgruppe ved ny organisering leggjast ned og erstattast av oppvekstmøte kor leiarar frå ein barnehage, ein skule, helsestasjon, barnevern, PPT, kommunepsykolog, barnehagesjef, skulesjef, oppvekstsjef og kommunalsjef vil delta. Dette blir det fora kor fagleg fokus, strukturar og prioriteringar skal diskuterast.

Leiarar og rådgjevarar må gå i front i arbeidet med å implementera ein ny organisasjon. Det skal byggast nye strukturar, felles fagleg plattform og nye kommunikasjonslinjer. Oppvekstplanen skal leggja faglege føringar for korleis barn, unge og foreldra deira skal bli møtt av kommunen, og kva for område av oppvekstfeltet kommunen skal jobba med å vidareutvikla.



Oppsummering

På bakgrunn av innspel frå brukarar, tilsette sine ønske om betre samhandling og for å få ei samla tenesteutvikling og mest mogeleg effektiv ressursbruk til beste for barn/unge, blir det tilrådt at tenester for barn samlast i eit tenesteområde med verknad frå 01.08.2018.

Hausten 2019 vil det bli ei rapportering på foreløpige effektar av ny organisering. Innan 2021 vil organisasjonsendringa evaluerast.

Økonomi og delegasjonsmyndigheit skal vera på plass frå 01.01.2019.

Innstilling:

Rådmannen foreslår at saka går til hovudutval for helse og velferd og hovudutval for skule og barnehage til orientering, og til administrasjonsutvalet med slikt forslag til vedtak:

Saka blir tatt til orientering.

Rådmannen i Klepp 22.05.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.